

Fjord Miljø

Presentasjon folkemøte på Teams 18.02.2021

Hei, mitt navn er Asle Rasmus Seljeseth. Eg er frå Stårheim, og utdanna meg fyrst på Høgskulen i Sogn og Fjordane i akvakultur frå 1995 til 1998. Sidan det har eg jobba i oppdrettsnæringa samanhengande i over 20 år. I dag jobbar eg mellom anna med utvikling i Fjord Miljø gruppa.

Bilete 1

Fjord Miljø er eit teknologiselskap som held base på Nordfjordeid. Selskapet har røter tilbake til K. Strømmen Lakseoppdrett som har drive lakseoppdrett i Rugsund, området ytst i Nordfjord i over 40 år. Lakseprodusenten blei solgt til Mowi i 2019. SJS AS som var ein av hovudaksjonærane i K. Strømmen Lakseoppdrett, har no havbruksteknologi gjennom Fjord Miljø AS, som eit stort satsingsområde.

Bilete 2

Fjord Miljø har lokalisering i Næringshagen, er medeigar i INVIRO, og er SIVA-partner. Dei tilsette er lokalisert i kommunen. Per i dag har vi fire faste tilsette og fleire unge i 20 åra jobbar på deltid/sommarjobb med service og marknadsføringsarbeid. Vi ser for oss å tilsette mange fleire i åra framover om vi får høve til det.

Bilete 3

Fjord Miljø satsar lokalt og organisk innan teknologiutvikling og problemløysing i akvakulturrelatert verksemd. Vi er ein utviklar og leverandør av styringssystem for pumpe- og filterteknologi for oppdrettsanlegg. Dette er teknologi som skal betre vasskvaliteten i semilukka og lukka oppdrettsmerder og samstundes vere energieffektive. Vi er med å utvikle oppdrettsnæringa i ei bærekraftig retning framover.

Bilete 4

Fjord Miljø satsar også på Forsking- og utviklingsarbeid(FoU). Vi treng lokalitetar som FoU-biomasse kan nyttast på i nærområdet. Vi har difor peika oss ut lokalitetar som er ledige og kan passe oss i forhold til nærleik til områda her vi satsar på generell næringsutvikling.

Vi ser for oss å kunne samarbeide med andre oppdrettsselskap i å drive lokalitetane, og dermed sikre ein klar og lokal miljøprofil. Etter denne modellen vil også avsett areal få nytte for fleire som er interessert i same lokalitetar, og vi kan sikre auka samfunnsnytte.

Bilete 5

Fjord Miljø vil ha ein politikk i forhold til dei utpeika areala der vi går i dialog med grunneigarar og lokalfolk. Vi vil kunne tilby økonomisk kompensasjon, og vi kan støtte grunneigarlag og andre positive tiltak i krinsane. Slik vil bygdene som har oppdrettsanlegg kunne få ei positiv utvikling og sjå positive ringverknader av dei naturgjevne ressursane som området har.

Bilete 6

Akvakultur gjev eit stort potensiale for arbeidsplassar både i direkte og i tilknytta næringar. Mange i Stad Kommune jobbar med næring knytt til akvakultur og havbruk i dag. Samstundes er der gode ringverknader.

Bilete 7

Ringverknader er arbeid til til dømes elektrikerar, transportørar, bygg og anlegg, rørleggarar, reinhaldsbransje, hotell, -for å nevne noko.

Bilete 8

Vi må ta hand om eiga utvikling i kommunen og satse på framtidsnæringar som matproduksjon og teknologi. Landbruk i kombinasjon med havbruk er veldig interessant. Her kan ligge mykje vi kan spesialisere oss på og jobbe med i Stad Kommune. Ikkje minst å vere ein kommune der vi kan vise sameksistens mellom ville dyr og laksefisk i skjønn forening med naudsynt dyrehald og matproduksjon.

Bilete 9

Vi i Fjord Miljø har føreslått Løkjaneset. Dette området er veldig spanande med det enorme arealet som i dag står ubrukt. Dette kan bli ein ny betydeleg arbeidsplass på sikt. Lakseoppdrett på sjø vil ikkje vere aktuelt på grunn av Nasjonal laksefjord. Men oppdrett og akvakultur handlar om meir enn laks. Til dømes kan prosjekt på arter frå lavtrotisk nivå vere aktuelt. Dette vil kunne gje nye vegar til eit breitt spekter av kompetanse og fagfelt.

Fjord Miljø går no saman med Lefdal Invest og fleire for å etablere Nordfjord Miljøpark. Dette er ei gruppering av lokale krefter for næringssutvikling på Løkjaneset og i regionen.

John Olav Lefdal med lang erfaring innan nærings- og reiselivsbransjen i kombinasjon med Sven Jørgen Strømmen, frå familien som var pionèrar på lakseoppdrett i Noreg.

Bilete 10

Før var skipsverftet på Løkja ei hjørnesteinsbedrift som hadde arbeidsplassar og var kimen til etablering av fleire bedrifter i kommunen som endå i dag eksisterer. Området har eit stort potensiale for næring. Viktige stikkord her er landbasert oppdrett, visningssenter, landbruk og reiseliv. At vi kan vise fram så mange sider av korleis vi driver i Noreg innanfor ein radius på nokon få kilometer er spesielt. Dette kan bli ei ny oppleveling for dei som vil ta turen til Nordfjord.

Å få akvakultur inn i området på Løkjaneset er difor naudsynt som grunnmur for å få Nordfjord Miljøpark til å vekse fram.

Bilete 11

Nordfjord Miljøpark må også sjåast i samanheng med utpeika lokalitetar på sjøarealet frå Fjord Miljø som kan nyttast til kombinerte forsking- og utviklingsprosjekt.

Vi håpar også at dei som er positive til utvikling i området skal begynne å snakke. Å satse ute i distriktet og i krinsane handlar i stor grad om idealisme og reelle ynskjer om at her skal vere levekår for folk framover.

Vi kjem til å gå i dialog breitt og søke lokal støtte for dette fantastiske prosjektet Nordfjord Miljøpark. Og vi håpar at heile bygda på Hauane og kommunen vil hjelpe til.

Bilete 12

Der er også utfordringar med oppdrett. Og løysingar av utfordringar for andre er grunnpilaren i all næringsutvikling. At ei næring har uløyste problem gjev moglegheiter til ny næring. Vi meiner at desse moglegheitene er noko vi kan jobbe med.

Det er mange personar med lang oppdrettserfaring og spesialkompetanse innan akvakultur busett i kommunen, vi har eit fantastisk elektro og automasjonsmiljø på skulen, og utdanningsmoglegheiter innan fiske og havbruk i regionen.

Vi har naturgjevne moglegheiter til å ta denne akvakulturnæringa litt nærmare oss. Høgare teknologinivå i sjøbasert oppdrett vil kreve nærliek til teknologibedrifter.

Vi i Fjord Miljø ser for oss å drive uttesting av nye teknologiar, som semilukka og lukka merdar i lag med etablerte oppdrettsaktørar og sikre lokalt forankra miljøprofil. Vi ser dette i samanheng med vår satsing på Løkjaneset.

Bilete 13

Vi ventar no også på siste godkjenningar for å sette i verk oppføring av eit nytt bygg på Skårhaug. Bygget skal huse blå satsing i Fjord Miljø.

Her blir det ein utviklarfabrikk for ulike materialer og automasjon for havbruk. Det blir ein moderne maskinpark som vil gje unike moglegheiter for kreativ utvikling.

Vi kan skape arbeidsplassar som i høgste grad er aktuelle for det utdanningstilbodet vi har i kommunen. Slik blir det jobb og høve til nyetablering for unge. Så for at vi skal få dette til må vi få god stemning for å sette av utpeika areal på arealplanen for sjø som vi kan utvikle oss på med lokal forankring.

Bilete 14

Så takk for merksemda så langt!